



# ØYGARDEN NÆRINGSUTVIKLING

JUNI 2023

## MÅNADSBREV

Les meir på:

[www.oygarden.kommune.no/naringsutvikling/](http://www.oygarden.kommune.no/naringsutvikling/)



# Kva skjer i Øygarden næringsutvikling?

Ein ny månad med fleire spennande besøk og samlingar er snart omme og ferien står snart for døra, men først ei lita oppsummering.

Som næringsvenleg kommune er det viktig for oss å ha eit gunstig og støttande miljø for bedrifter og næringsliv. Vi er dedikerte til å leggja til rette for berekraftig utvikling og auka lønsamheita for bedrifter i kommunen.

Denne månaden har vi hatt ute ei spørjeundersøking og tatt tempen rundt akkurat dette – «Kor næringsvenleg opplever ein at kommunen vår er?». Vi har fått inn 170 svar frå næringslivet, 14 frå kommunestyret/politikarar og 67 svar frå administrasjonen i kommunen. Desse svara skal analyserast av eksternt konsultentselskap i sommar før konkrete tiltak basert på svara som er kome inn vert følgt opp. Tiltaka skal følgje overordna mål i samfunnsplanen. Prosjektet som skal vare til januar 2024, vert gjennomført felles mellom Øygarden næringsutvikling og Øygarden kommune. Det er styret i ØNU som har vilja pengar til gjennomføringa. Kommuneadministrasjonen har prosjektleiingsansvar, medan ØNU er med i styrings – og prosjektgruppa. PwC vann anbuds konkurransen og vil vera ekstern fasiliteter for prosjektet.



## TOM GEORG INDREVIK

**Vi veit er det er ulike oppfatningar i næringslivet i kva grad Øygarden kommune kan seiast å vera ein næringsvenleg kommune.**

Tidleg i juni hadde ØNU gleda av å fasilitere eit møte mellom Eviny og CCB Energy Holding for å sjå på moglegheiter for energioptimalisering i Energiparken. Eviny inngjekk eit spennande samarbeid med CCB i mai rundt ei lokal løysing der fjernvarme frå fjorden kan nyttast til oppvarming og dermed avlasta straumnettet. Selskapet er etablert som Øygarden Energi AS.

No ser Eviny etter fleire moglegheiter for lokale energieffektiviseringstiltak saman med lokale partnarar som kan bidra inn i dette skiftet. Øygarden Næringsutvikling vert her ein viktig støttespelar for dialogar med næringslivet. Ved å leggja til rette for energieffektive tiltak kan vi skapa eit attraktivt og konkurransedyktig næringsmiljø samtidig som vireduserar vårt klimaavtrykk. Dette er ein vinn-vinn-situasjon både for lokale bedrifter og miljøet.





# Kva skjer i Øygarden næringsutvikling?

## KS og Vestland fylkeskommune til Northern Lights og Energiparken

Midt i månaden hadde ØNU med ei prosjektgruppe frå «Missions» prosjektet i KS og representantar frå næringsseksjonen i Vestland fylkeskommune til Northern Lights og Energiparken. «Missions»-prosjektet har som hovudmål å oppnå industriell symbiose/grøn sirkulær industri. Deira ønske var å få ein praktisk innsikt i anlegget for å sjå på moglegheiter som kan gjelde for deira prosjekt. Hovudfokuset var på karbonfangst og -lagring, og dei fekk innsikt i alle dei spanande planane som er lagt og ikkje minst korleis den industrielle symbiosen i området vil bidra til både reduksjon av utslepp og betre forretningsmoglegheiter. Gjestane var imponert over NL-anlegget og ikkje minst om planane for industriell symbiose i resten av Energiparken!



## Hubsamling i Grønn region Vestland

Grøn region Vestland har sett seg eit felles mål om å redusere utsleppa med minst 55%, skapa 24 000 nye arbeidsplassar og generera 40 milliardar kroner i ny eksport og 75 milliardar kroner i verdiskaping.

I samband med den grønne omstillinga i Vestland arrangerte Grøn region Vestland to inspirerende dagar med ei samling for alle hubane. Vi fekk presentert oppdateringar frå alle dei 16 grønne hubane i fylket, samt verdifull informasjon om verkemiddelapparatet. Øygarden og Askøy presenterte siste nytt frå vår region, med fokus på dei fire forslaga til fellesprosjekt som utgangspunkt for vidareføring av arbeidet kring Grøn Hub Vest.

Forslag til fellesprosjekt som resultat av studien





# Kva skjer i Øygarden næringsutvikling?

Frå scenen vart også moglegheitene som ligg i lokal energieffektivisering diskutert, med nærsyn på næringslivet i Øygarden. I tillegg var Øygarden i fokus rundt temaet korleis ein kan samarbeida for å takle utfordringar og bryte barrierar på tvers av hub'ar, særleg knytt til tilgangen på kraft, kompetanse og verkemiddel.



Fotokred: Arent Kragh, Eivind Senneset



## Northern Lights gathering i Oslo

Dagen var fylt med oppdateringar om status på Northern Lights og gjennomgang av prosjektet.

Høgdepunkt var kor langt dei har kome i prosjektet og samarbeidet mellom aktørar, inkludert presentasjon av kundeporteføljen. Det var rundt 100 deltakarar og rom for god nettverksbygging.

Ronny Haufe frå CCB Energy Holding presenterte planane og samarbeidsmoglegheitene for heile Energiparken, og moglegheiter for nye grønne arbeidsplassar og industriell symbiose vart diskutert.

Det vart ein innhaldsrik dag som verkeleg satt Øygarden på kartet.





# Kva skjer i Øygarden næringsutvikling?

## Ekstremспорт - i Øygarden 2024?

Øygarden kommune har saman med frivillige og reiselivsnæringa i området sett i gong ein prosess for å utforska moglegheitene for å etablera ei "ekstremportsveke" i Øygarden.

I lag med blant anna kulturavdelinga vart det invitert til eit innspelsmøte der idémyldring og inspirasjon stod i fokus. Målet var å samla aktørar som er interesserte i å satse, bidra og ta ansvar for gjennomføringa av arrangementet.

Over 40 interessentar møtte opp og alle ønskjer å bidra til at gode idear og initiativ kan møtast, og at det kan realiserast gode prosjekt i Øygarden. Framover er det viktig å sjå på ein god modell for organisering og drift, og behovet for ei koordinerings-funksjon vart nemd som ei viktig rolle for å lukkast med etableringa. Fellesnemnarar for tilbakemeldingar på kva område kommunen kan bidra på er til dømes parkering (areal), tilkomst til relevante område og noko finansiell hjelp til gjennomføring av ulike tiltak.



MA. 19. JUN.

Ekstremспорт - veke med fokus på sjø og land i Øygarden 2024  
Teknologiseret På Straume

☆ Interessert

## Stor interesse for Øysportveka

– Me har utruleg mange aktivitetar me kan driva med her.



Utdrag frå VestNytt

## Årsmøte i Connect Vest

Connect Vest er ein viktig bidragsytar for at innovasjon, ny teknologi og dei som vågar å satse skal lukkast. Det gjer dei gjennom å kopla lovande gründerselskap med riktig kompetanse, kapital og nettverk. Etter at den formelle delen av årsmøtet var over viste lokale investorar stor interesse for Øygarden og all nyvinninga som skjer her i kommunen. Dette er eit potensiale vi ønsker å gjere noko med, og ser på moglegheita for å arrangere ein "Øygarden-dag" i haust for Connect Vest sine medlemmar. Målet er å imøtekoma interessa og sikre at potensielle investorar blir oppdaterte på den pågåande utviklinga i Øygarden.





# Kva skjer i Øygarden næringsutvikling?

## Arbeidsverkstad med kommuneleiinga og SINTEF

Som kjent har Øygarden kommune ein strategisk partnerskapsavtale med SINTEF. Eit ønskje er at delar av avtalen skal nyttast for å lukkast med ei heilskapleg næringsutvikling for kommunen. Fredag 9. juni var kommuneleiinga, Øygarden næringsutvikling og SINTEF samla til heildags arbeidsverkstad kring temaet. Hovudfokus for dagen var korleis nytta porteføljestyring og strategisk vegkart som verktøy for å lukkast med næringsutvikling.

Det vart og drøfta korleis vi kan nytta SINTEF sin kompetanse for å lukkast med å realisera ambisjonane som ligg i samfunnsdelen til kommuneplanen, og å sjå næringsutviklinga som del av samfunns- og tenesteutviklinga i kommunen. Oppfølgingane etter arbeidsverkstaden er allereie satt i gong, og vil verta jobba med både før og etter sommarferien.

## Kampanje i Finansavisen

**Øygarden kommune tar leiarposisjon i det grønne skiftet.**

Tysdag 27. juni hadde vi ei dobbelside med annonserørinnhald i billaget "Vekst i Vestland" i Finansavisen med fokus på viktige drivarar i kommunen vår. Gjennom samfunnsplanen ønskjer kommunen å vere eit utstillingsvindaug for det grønne skiftet og vi har sterke drivarar som bidreg til dette målet. Vi kan rekne saka som sær relevant då vi og fekk heile forsida på magasinet!

Heile artikkelen kan de lesa [her](#) - og del gjerne vidare i dykkar kanalar.

Då står det berre att å ønskje

*God sommar!*

Helsing Hanne

Les hele kampanjen på [www.naeringstivnorge.no](http://www.naeringstivnorge.no)

## Vekst i Vestland



*FHly*  
oss

